

Litt kort historie om Ose Turistheim, henta frå nettsida Setesdalssida:

<https://setesdalssida.no/attraksjon-setesdal/ose-turistheim/> ;

*«Turistheimen slik han står i dag er bygd ca. 1909. Men den laftebygde 1. etasjen er truleg frå ca. 1887, då det først kom turiststasjon på Ose. Han er den eldste turiststasjonen i [Setesdal](#) som framleis er i drift.*

*Ose Turistheim er eit intimt lite hotell med 6 gjesterom og 14 senger. Både innvendig og utvendig har turistheimen behalde sin originale karakter. Her får du òg servering av heimelaga tradisjonsmat.»*

Ose Turistheim blir i dag drifta av Agder Overnatting AS. Serveringsstaden Ose Turistheim er ein viktig møte- og samlingsplass for innbyggjarane og tilreisande. I tillegg til at det er ein viktig stad for innbyggjarane, er det også positivt med ein lokal privat næringsaktør.

Bygningen Ose Turistheim treng vedlikehald, og mest prekært er det med nytt tak. Det er fleire hol i taket, som midlertidig er dekke til med blekk.

Blir ikkje gamalt tak skifta er søkar redd for framtidig drift.

Setesdal bygningsvernsenter har hausten 2024 utarbeidd ein ny tilstandsrapport av bygningen Ose Turistheim. Total vedlikehaldskostnad er estimert til kr 957 000 ekskl. mva, med eit kostnadstillegg på kr 350 000 ekskl. mva for skifte av tak mot aust, jf. tilstandsrapporten lagt ved søknad.

I tilstandsrapporten er kostnad på nytt tak spesifisert med ein kostnad på kr 600 000 ekskl. mva på nytt tak mot vest og på posthuset, og ein kostnad på kr 350 000 ekskl. mva på tak mot aust. Total kostnad på skifte av tak kr 950 000 ekskl. mva. Søkar gjer merksam på at det blir dyrare å dele arbeidet med nytt tak i to, enn om ein gjer arbeidet med heile taket samtidig. Budsjett til nytt skifertak er lagt ved søknaden.

Likelydande søknad, som til denne fylkeskommunale tilskotsordninga, blir sendt til Bygland kommune, Stiftelsen UNI og Norsk Kulturarv. Søkar ser vedlikehald av bygningen Ose Turistheim som eit ledd i vidare utvikling av området. Då søkar ikkje veit om alle søkebeløp blir imøtekome blir kostnad på nytt skifertak, når eigeninnsats er tatt omsyn til, søkt dekt mellom Agder fylkeskommune og Bygland kommune. Skulle Stiftelsen UNI og Norsk Kulturarv også imøtekome søkebeløp er det ønske om å kunne nytte midla utover nytt skifertak til vidare vedlikehald av bygningen Ose Turistheim, jf. liste med anbefalte tiltak i tilstandsrapporten.

Med venleg helsing

«Austad gama»

v. Liv Åsne Austad Andersen